

Bondeopprøret må vinne fram- jordbruksoppgjeret må verte historisk godt

Bondeopprør 2021 har for alvor fått fram kor dramatisk utviklinga i norsk landbruk er. Aldri har vi hatt færre bønder, og aldri har talet minka så raskt. Ei skammeleg låg inntektsutvikling bidreg til at to gardsbruk forsvinn dagleg. Vi støttar Bondeopprøret og landbruksorganisasjonane sitt klare krav om at bøndene si inntekt må opp på nivå med andre grupper, og at det må skje raskt.

Inntektene held ikkje tritt med dei faktiske kostnadane for å produsere norsk mat. Alt bonden treng av fôr, kunstgjødsel, drivstoff og straum blir berre dyrare (og særleg denne vinteren!). Det same gjeld investeringar i bygningar, maskinar, dyrevelferd og klimaomstilling. Men prisen bøndene får for det dei produserer, det som kanskje er verdas tryggaste mat, har stagnert. Mjølke- og kjøtpisen deira går ned, medan overskotet forsvinn heilt andre stader, slik som til matvarekjedene, som tener rått på sine eigne merkevarer (EMV).

I Noreg har vi eit mål om å vere 50 % sjølvforsynte, men no produserer vi berre rundt 36 % av vår eigen mat. Vi er blant dei landa i verda med dårligast sjølvforsyningsgrad. Det er dårlig nytt i ei stadig meir ustabil og klimaendra verd. Vi tærer på andre sine ressursar, i staden for å nytte våre eigne. Snur ikkje utviklinga, vil mangelen på aktive bønder truge både sjølvforsyninga og matberedskapen vår. Det vil også råke bygdene våre hardt, med alt det har av konsekvensar for tilstøytande næringar, busetnad og tenestetilbod.

SV har tradisjon for ein solidarisk landbrukspolitikk. I 1975 stod vår eigen Berge Furre i spissen for å drage Hitra-aksjonen i land med eit historisk jamstellingsvedtak: bøndene si inntekt skulle opp på nivå med industriarbeidarløna innan seks år. Det gav drivkraft til næringa og liv i bygdene våre. No treng vi eit nytt jamstillingsvedtak.

Den nye regjeringa har i Hurdalsplattformen, etter massivt press frå blant andre SV, som føreslo ein 4-årsplan for å tette inntektsgapet i Stortinget i vår, lova å leggje fram ein ny, forpliktande og tidfesta plan for å tette inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet. Vi gir oss ikkje på at inntektsgapet må tettast i denne 4-årsperioden.

Det er no eller aldri. Bøndene står på kanten av stupet. Mister vi dei no, får vi dei truleg ikkje tilbake. Vi treng ikkje berre ein plan, vi må starte opptrappinga. Utan eit historisk godt jordbruksoppgjer i år, kan det vere takk og farvel til den trygge og gode matforsyninga vår.

Møre og Romsdal SV meiner at:

Jordbruksoppgjeret i år må bli historisk godt. Det må bidra til å tette minst ein fjerdedel av inntektsgapet mellom bønder og andre grupper i samfunnet.

Kompensasjonsordningane til bønder knytt til galopperande straum- og kunstgjødselprisar må styrkjast

Små og mellomstore mjølkebruk må få auka investeringsstøtte for å innfri lausdriftskravet

Kjedemakta må minskast, og EMV - dei store daglegvarekjedene sine eigne merkevarer - treng ei kraftig innskrenking. Vi må utgreie eit forbod mot EMV.

Møre og Romsdal SV

Sendast alle media i fylket (snart) og nasjonale media